

Simen Tallaksen og Mímir Kristjánsson (nyhetssjefer)  
 Åse Brandvold | Pål Hellesnes | Stian Nicolajsen  
 Alf Skjeseth | Emma Tollersrud  
 Frida Holsten Gullestad | Jo Skårderud (Trondheim)  
 Ole Magnus Rapp (Tromsø)  
 Anne Kari Hinna og Gunnar Wiederstrøm (Bergen)

## NYHETER

# Blir trolig ikke hevet før etter jul

**VÆRFEST:** Hevingen av fregatten Helge Ingstad er utsatt på grunn av krevende værforhold. Nå anslår Forsvaret at fregatten vil bli hevet først etter jul. Forsvarsmateriell og Sjøforsvaret er bekymret for at den kan skli ut på dypere vann, ifølge Bergens Tidende. Værforholdene der Helge Ingstad ligger, påfører fartøyet mindre bevegelser, opplyser Forsvaret som anslår at fregatten heves tidligst 25. desember. – Hevingen er en krevende og kompleks maritim operasjon. Det er flere usikkerhetsmomenter som kan påvirke tidsplanen, blant annet værforhold, fartøyets stabilitet og risikoen for forurensning, sa prosjektleder for hevingen Arild Øydegard tirsdag.

©NTB



## Barnetrygda utgjør mindre av inntektene til fattige foreldre.

# Mindre hjelp i

**JULESTRITT:** Barnetrygda har fått ei stadig mindre betydning for barnefamilier med låg inntekt, ifølge Statistisk sentralbyrå. Sonja Larsen lurer på korleis ho skal få jula til å gå opp.

## BARNETRYGD

Av Anne Kari Hinna (tekst og foto), Sotra

– Jula er veldig tøff. Eg har lurt på korleis eg skal få jula til å gå opp, seier Sonja Larsen.

Ho er ein av mange foreldre i Norge som lever på eit margert budsjett. Ein gjennomgang Statistisk sentralbyrå (SSB) har gjort, viser at barnetrygda har fått ei stadig mindre betydning for barnefamilier med låg inntekt.

Barnetrygda har gått frå å utgjera ei relativt stor inntektskjelde for mange familier med låg inntekt, til å utgjera ein meir beskjeden del av den samla inntekta før skatt, skriv SSB i ein fersk artikkel som inngår i serien «Barn i lavinntektsusholdninger».

For ei einsleg mor eller far med låg inntekt utgjorde barnetrygda i 2006 i gjennomsnitt 14 prosent av de samla inntektene. I 2016 utgjorde barnetrygda for denne gruppa 8 prosent av dei samla inntektene. Det har altså nærast vore ei halvering på ti år.

Elisabeth Løyland Omholt i SSB seier fallet er betydeleg, men at den totale delen overføringar til låginntektsfamilier ikkje har endra seg.

– **Før utgjorde barnetrygda ein relativt stor del, men no er sosialhjelp, bustøtte og introduksjonshjelp viktigare, seier ho.**

Introduksjonsstøtte går til nykomne flyktningar i introduksjonsprogrammet.

– **Barnetrygda er effektivt**

Klassekampen møter Larsen heime på Sotra utanfor Ber-

### FAKTA

#### Barnetrygd:

■ Ei overføring til alle foreldre med barn under 18 år. Satsen er per i dag på 970 kroner per måned.

■ Barnetrygda er skattefri, men blir i fleire kommunar rekna inn i inntektsgrunnlaget som gir rett på sosialstøtte.

■ Einslege forsørgarar har rett på utvida barnetrygd og eit småbarnstillegg.

■ Satsen har stått stille i mange år, men KrF har i haust fått gjennomslag for å heva barnetrygda med 83,33 kroner i månaden. Frå 1. mars neste år utgjør barnetrygda 1054 kroner i månaden.

gen. Ho er aleine med tre born og utan jobb. Nyleg fekk ho rett på arbeidsavklaringspengar frå Nav.

– Då går inntekta litt opp att, seier ho.

Ho har også rett på bustøtte frå Husbanken. Etter skatt sit ho att med i overkant av 21.000 kroner, men utgiftene er mange med tre born.

– Det er lite inn, og mykje ut, seier ho.

Både SFO og barnehage kostar, sjølv om ho har fått redusert pris i barnehagen. Når ei uføresett utgift dukkar opp, trålar ho Finn. Sofaen til dømes, fekk ho gratis. Det meste i leilegheita har ho fått eller kjøpt billig. Ho hugsar ikkje kva tid ho kjøpte seg noko nytt til seg sjølv.

– Eg prioriterer borna, seier Larsen, og fortel at ho har hatt låg inntekt så lenge ho kan hugsa.

Ho har lært seg å få kvardagen til å gå opp.

#### Peiker på barnetrygda

Tone Fløtten er dagleg leiar og



forskar ved forskingsstiftinga Fafo. Ho har forska på fattigdom, ulikskap og sosialpolitikk i ei årrekke. Ho meiner at ei heving av barnetrygda er eit godt grep for å få barnefamilier ut av fattigdom.

– Barnetrygda er veldig effektiv for å redusera fattigdommen blant barnefamilier.

Det er derfor det er stor diskusjon om det. Men 1000 kroner i løpet av året har nok ikkje så mykje å seia, seier ho.

Etter mange år med stillstand fekk KrF i forhandlingane med regjeringspartia nyleg støtte for å heva barnetrygda med 1000 kroner året. Dermed vil betydninga barne-

trygda har, truleg stiga litt att.

Fløtten seier barnetrygda er effektiv fordi ho ikkje er behovsprøvd, men ei universell overføring til alle barnefamilier. Sosialstøtte og bustøtte er behovsprøvde overføringar. Det inneber at det kostar meir å administrera dei: For å få bustøtte og sosial-

## Sjømateksporten ned

**MER VERDT:** Norge eksporterte 276.000 tonn sjømat for 9,9 milliarder kroner i november. Volumet falt med 8 prosent, mens eksportverdien økte med 11 prosent. Hittil i år har Norge eksportert 2,5 millioner tonn sjømat til en verdi av 90,7 milliarder kroner, ifølge Norges sjømatråd. – Dette er ei næring som vil bli stadig viktigere, sier fiskeriminister Harald T. Nesvik. **ONTB**



## Vi kan ikke trøste alle likt

**VERDT Å VITE**

**VARIERT:** Hva skal man si når noen har det kjipt? Mange er redde de skal si noe feil. En ny studie publisert i journalen Basic and Applied Social Psychology kan muligens berolige: Det finnes ingen magiske ord som passer alle, og det viktigste er støtten i seg selv. Selv med relativt få deltakere, fant studien at det var stor variasjon i hvor mye den enkelte satte pris på ulike typer trøst, for eksempel optimisme eller anerkjennelse av følelser. **AGN**



Sosialhjelp, bustøtte og introduksjonsstønad er viktigare:


# barnetrygda



**KNAPT:** Sonja Larsen er aleine med tre barn og lever på eit knapt budsjett. Ho har lært seg til å få kvardagen til å gå opp, men no lurar ho på korleis ho skal få det til i jula.

### BARNETRYGDA UTGJER MINDRE

Grafen viser barnetrygda som del av samla inntekt før skatt for hushaldningar med låg inntekt med barn mellom 0 og 17 år.



Marcos Amano er dagleg leiar ved stiftinga Robin Hood Huset i Bergen, som står bak ulike aktivitetstilbod for barnefamiljar med låg inntekt.

**Utrekningar har vist at dersom barnetrygda var blitt justert for verditapet sidan 1996, ville det aleine ha løfta 20.000 barn ut av fattigdom, fortel han.**

– Sosialstøtta må stadig vekk søkast om. Du klientifiserer folk. Ho er meint å halda deg akkurat over eit minstenivå, definert av kvar enkelt kommune, for livsopphald. Barnetrygda er ein rett for alle, det er det fine med barnetrygda.

Han meiner at når du lever på sosialhjelp, så lever du i eit vedvarande knappheits-tyrani.

– Det går rundt, men alt er knapt heile tida. Du kan aldri planlegga noko, unna deg noko, eller leva eit vanleg aktivt liv og delta i samfunnet som andre. Det råkar særleg barn, som har veldig lett for å kjenna på denne forskjellen opp mot andre barn.

Han fortel at mottakarar av sosialstøtte må dokumentera den økonomiske situasjonen sin kvar månad gjennom å leggja fram kontoutskrifter.

**– Har du éi krone til overs når månaden er over, skal den brukast neste månad.**

– Så du kan ikkje spara?

– Nei. Det gjer at du får ei dårleg økonomiforvaltning.

### Har sendt ønskeliste

I alt 290 barn i 150 familjar frå bergensområdet har til no i år deltatt i aktivitetar i regi av Robin Hood Huset. Larsen, sonen og døtrene er blant dei.

– Å gå på Akvariet var heilt fantastisk, seier ho.

Dei har også vore på bading, kino og teater.

– *Kva trur du er best: Meir i barnetrygd eller gratis tenester, som barnehage og SFO?*

**– Gratis tilbod, faktisk. Eg trur ikkje barnetrygda går så mykje opp at det går opp i opp med barnehage og SFO. Men hadde barnetrygda auka, ville det ha hjelpt.**

– *Trur du det er mange som kvir seg for å søka om sosialstønad?*

– Ja, eg er ein av dei, seier Larsen, og fortel at ho ein gong då ho budde i ein annan kommune måtte spørje om krisehjelp ein fredagskveld.

Då blei ho mistenkeleggjort av kvinna ho snakka med.

– Du føler du blir sett ned på når du går inn, fortel ho.

Advent og jul er ei dyr tid. Larsen håpar å få hjelp.

– Eg har tatt kontakt med Frelsesarmeen, og har levert ønskeliste for barna til Robin Hood Huset, seier ho.

anneh@klassekampen.no

hjelp må styresmaktene prøva økonomien.

– Det krev at nokon går igjennom inntekta di jamleg, forklarar Fløtten.

Argumentet mot å heva barnetrygda, påpeiker ho, er at trygda også treffer rike familjar. Derfor meiner fleire at det er betre å retta tenester

inn mot barnefamiljar, som gratis barnehage.

**– Eg synst det er gode argument for begge delar. På kort sikt er barnetrygda meir treffsikker. Barnehagar har ein meir langsiktig effekt, men veldig mange barn går i barnehagar uansett, seier ho.**

– *Er ditt råd å heva barnetrygda for å få barnefamiljar ut av fattigdom?*

– Viss ein vil ha fattigdommen ned, så er arbeidslina den føretrakte lina. Men det hjelper ikkje alle, så då vil barnetrygda vera eit effektivt hjelpemiddel, seier Fløtten ved Fafo.